

**Sakshandsamar:**Siri Merete Nedland  
E-post: siri.nedland@sfj.no  
Tlf: 57 65 62 11**Vår ref.**Sak nr.: 08/133-3  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**


1432/08

**Dykkar ref.**

200704482-/STA

**Dato**

LEIKANGER, 23.01.2008



Det Kongelige kunnskapsdepartementet


Postboks 8119 Dep.  
0032 OSLO**Svar - Høyring NOU 2007:11 Studieforbund - læring for livet**

Vi viser til høyringsbrev datert 28.9. 2007 og til vår e-post med høyringsfråsegn datert 14.11.

Hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane har i dag handsama fråsegna og gitt sin tilslutnad.

Fråsegna følgjer som vedlegg.

Med helsing

  
Siri Merete Nedland  
fagkoordinatorVedlegg: Fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommuneMottakar (ar)

Det Kongelige kunnskapsdepartementet Postboks 8119 Dep. 0032 OSLO

Kopi til:

## H ring NOU 2007:11 Studieforbund - l ring for livet

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

### Fylkesdirekt ren r r hovudutval for oppl ring til   gjere slikt vedtak:

Hovudutval for oppl ring gir sin tilslutnad til fylkesdirekt ren for oppl ring sine merknader til NOU 2007:11 Studieforbund – l ring for livet, slik dei g r fram av saksutgreiinga.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

### Prenta vedlegg:

1. Skriv fr  Kunnskapsdepartementet datert 29.09.2007
2. NOU – 2007:11 Studieforbund – l ring for livet

## Saksframstilling

Kunnskapsdepartementet sende NOU 2007:11 *Studieforbund – læring for livet* på høyring 28. september 2007. Rapporten er utarbeidd av ei breitt samansett arbeidsgruppe, med oppdrag å vurdere studieforbunda sine oppgåver og ansvar både for den einskilde, for arbeidslivet og for samfunnet. Vurderingane skulle i tillegg ha eit perspektiv på kultur, folkeopplysning, likeverd, deltaking, demokrati, integrering og inkludering.

Brevet frå Kunnskapsdepartementet og rapporten følgjer saka som prenta vedlegg.

Kunnskapsdepartementet ber spesielt om vurderingar av utvalet sine framlegg som gjeld:

- ny målstruktur
- ny lov for ikkje-formell opplæring
- eit styrkt regionalt ansvar ved at fylkeskommunane mellom anna får ansvaret for all grunnopplæring for vaksne
- tilskotsordningane
- godkjenning av studieforbund

Rapporten har vore på høyring på dei vidaregåande skulane, utan at det har kome innspel.

Fylkesdirektøren gir sin tilslutnad til framlegga i dokumentet, og ønskjer å gje utfyllande kommentarar til:

### **1) Framlegget om styrka regionalt ansvarsområde for vaksne si opplæring**

Lett tilgjengelege tilbod for den einskilde vaksne er ei sentral utfordring i arbeidet med å legge til rette for vaksenopplæring og læring for livet. Med den "ein dørs-politikken", som vert nemnt fleire gonger i rapporten, meiner fylkesdirektøren at tilgangen vert enklare og at tilboda vert meir brukartilpassa. Gjennom ein slik politikk vil ein også kunne legge til rette for å hjelpe vaksne med karriere- og utdanningsretteleing, uavhengig av utdanningsnivået og leverandøren av tilbodet.

I tråd med "ein dørs-politikken" meiner fylkesdirektøren at modell C (punkt 7.3.3) er den mest tenlege. Modellen inneber at ansvaret for både grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring vert lagt til fylkeskommunane. Forsking utført av Vox, syner at einskilde kommune ikkje har gode nok tilbod om vaksenopplæring. Fylkesdirektøren meiner at denne situasjonen kan betrast ved å flytte ansvaret over til fylkeskommunane, som alt har eit system for å rettleie og legge til rette for ei tilpassa opplæring for vaksne, ut frå intensjonane i kompetansereforma. Ansvaret for realkompetansevurdering og vidaregåande opplæring ligg alt hos fylkeskommunen, og fylkesdirektøren meiner difor at det vil vere naturleg å byggje på dette i den vidare utforminga av tilbodet til vaksne.

### **2) Tilskotsordningar for opplæring og rammevilkår**

Fylkesdirektøren for opplæring meiner at den finansieringsmodellen som høver best med modell C, er ei tilskotsforvaltning via fylkeskommunen. Denne modellen gir høve for ei meir heilskapleg ressursutnytting på kompetanseutviklingsområdet, og vil verte eit viktig verkemiddel i høve den rolla fylkeskommunen har som regional utviklingsaktør.

Fylkesdirektør for opplæring ser det som svært positivt at ein i rapporten ønskjer å ha fokus på den einskilde sitt *behov for kompetanse* og ikkje på retten til vidaregåande opplæring.

---

Oppsummert inneber framlegga i rapporten at fylkeskommunane får eit samla ansvar for all grunnopplæring for vaksne, og at fylkeskommunane skal inngå gjensidig forpliktande samarbeid med studieforbunda. Finansieringa skal skje gjennom ein auke i rammetilskotet til fylkeskommunane og øyremerkte kulturmidlar til studieforbunda via fylkeskommunen.

Fylkesdirektøren si tilråding byggjer på ein føresetnad om slik auke i rammetilskotet som kompensasjon for meiransvaret og meirkostnadene dette medfører.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑